



Osterøy kommune
Statens vegvesen
Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Svein Kornerud, 5557 2027

Mekling reguleringsplanar Osterøy - Saltverket næringsområde og Holmane næringsområde

Det var meklingsmøte den 09.06.2020 for reguleringsplanane Saltverket og Holmane næringsområde i Osterøy kommune mellom kommunen og vegstyresmaktene ved Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Meklingsmøtet var gjennomført med nettdeltaking – Teams.

Følgjande deltok i meklingsmøtet:

Osterøy kommune:

Lars Fjeldstad, ordførar,
Hjalti Heimir Gislason, varaordførar,
Aksel Mjøs, leiar for plan,
Ingvild Hjelmtveit, rådmann,
Berit Rystad, sektorleiar.

Statens vegvesen:

Tone Oppedal, avdelingsdirektør,
Sindre Lillebø, fung. seksjonsleiar.

Vestland fylkeskommune:

John Martin Jacobsen,
Malene Utkilen,
Hege Løtveit.

Fylkesmannen i Vestland:

Gunnar O. Hæreid, ass. fylkesmann, meklar,
Svein Kornerud, sekretær.

Motsegna:

Statens vegvesen hadde motsegn til reguleringsplanane som statleg fagmynde med ansvar for trafikktryggleik.



For planen for Holmane næringsområde kravde Vegvesenet utviding av fylkesvegen til Sa2-veg, utbetring av avkøyrslar til fv. 567 Osterøy langs planområdet, busslommer på begge sider av fylkesvegen, samt tilstrekkeleg tilbod for mjuke trafikantar i planområde langs fylkesvegen, fram til Fotlandsvåg senter/skule.

Vegvesenet presiserte i brev av 10.02.2020 at motsegna til Holmane næringsområde kunne trekkast om planen fekk følgjande endringar:

- «1. Regulering av tofelts veg(Sa2) frå omlag 100 meter nord for planområde og inn til Fotlandsvåg senter/skule. Regulering av tilfredsstillande tiltak for mjuke trafikantar frå omlag 100 meter nord for planområdet til Fotlandsvåg skule/senter.*
- 2. Regulering av busslommer på begge sider av fylkesvegen, dimensjonert etter dagens krav og universelt utforma iht. N100.*
- 3. Krav om opparbeida avkøyrslar med rett svingradius og siktsoner frå næringsområde og private bustader inn på fylkesvegen.*
- 4. Føresegn må innehalde rekkjefølgekrav om at opparbeiding av tofelts køyrebane (Sa2), tilbod til mjuke trafikantar (fortau) til Fotlandsvåg senter/skule, godkjente avkøyrslar til fylkesvegen med rett svingradius/siktsoner, samt busslommer på begge sider av fylkesvegen langs planområde er bygd før igangsetjingsløyve av næringsbygga innanfor BN1, BN2, BN3, BN4 føreligg.»*

For planen Saltverket næringsområde kravde Vegvesenet utbetring av avkøyrslar frå fv.567 Osterøy for planområdet, busslommer på begge sider av fylkesvegen, og tilstrekkeleg tilbod for gåande og syklende langs fylkesvegen.

Vegvesenet presiserte i brev av 31.01.2020 at motsegna til Saltverket næringsområde kunne trekkast om planen fekk følgjande endringar:

- «1. Regulering av tilfredsstillande tiltak for mjuke trafikantar frå planområdet til Fotlandsvåg skule/senter*
- 2. Regulering av busslommer på begge sider av fylkesvegen er dimensjonert etter dagens krav og universelt utforma.*
- 3. Føresegn må innehalde rekkjefølgekrav om at opparbeiding av avkøyrslar og busslommer på begge sider av fylkesvegen er bygd før igangsetjingsløyve av næringsbygga innanfor BKB1, BKB2, BKB3 føreligg. Føresegn må innehalde rekkjefølgekrav om opparbeiding av tilbod til mjuke trafikantar frå planområdet langs fylkesvegen til Fotlandsvåg skule/senter før midlertidig bruksløyve av næringsbygg innafor BKB1, BKB2 og BKB3 føreligg.»*

Vestland fylkeskommune har I tillegg ei administrativ motsegn. Den er ikkje så omfattande som motsegna frå Statens vegvesen, og gjeld ikkje regulering og opparbeiding av tiltak for mjuke trafikantar i planen for Saltverket.

Dialogmøte før mekling:

Det har den 20.03.2020 vore dialogmøte mellom kommunen og Statens vegvesen utan at det førte til løysing av motsegna. Vestland fylkeskommune var ikkje deltakar på dialogmøtet. Det er eit eige referat frå dialogmøtet.

Meklingsmøte:

I meklingsmøte presenterte Osterøy kommune først planane og verknadene av dei for kommunen.



Kommunen la også fram eit forslag om:

- Redusere fartsgrensa på fylkesvegen til 40 km/t og med fartsdumpar
- Etablere fortau på 1,5 meter bredde langs fylkesvegen
 - Tiltakshavarane tar kostnaden med fortau innan sine planområde
 - Vestland fylkeskommune som vegeigar tar kostnaden elles med fortau

Kommunen la også fram at ein vil ta ut bustadfeltet på Gatland i sine planar, for kommuneplanens arealdel ved neste revisjon.

Både Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune gav uttrykk for forståing for situasjonen i kommunen og gav uttrykk for vilje til å finne løysingar.

Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune la i fellesskap fram forslag til vidare diskusjon. Det var noko ulike forslag, då partane har ulike motsegner, men ramma for forslaga til diskusjon var m.a.:

- Det må utarbeidast reguleringsplan for fylkesvegen. Planen må vise fullgod løysing, m.a. for å ivareta mjuke trafikantar, men vegstyresmaktene er innstilte på å finne midlertidige løysingar som kan nyttast og som kan gjennomførast. Kommunen initierer planarbeidet, og vegstyresmaktene kan gi råd.
- Vegstyresmaktene er innstilte på å medverke til å redusere krava både for utbetring av fylkesvegen og for sikring av mjuke trafikantar. For noko av dette må ein søke om fråvik frå vegstandard.
- Fortau langs vegen med om lag 2 meter bredde.
- Fartsgrensa kan bli sett ned. Det må kommunen i så fall søke om.
- Ein vil sjå nærmare på rekkjefølgjekrava, samstundes som ein må sikre gjennomføring av tiltaka langs vegen.
- Ein ser nærare på eit spleiselag for fordeling av kostnadene.
- Kommunen startar prosess for å ta ut bustadfeltet Gatland i sine planar.

Osterøy kommune såg ikkje grunnlag for ytterlegare diskusjon for løysingar, då kommunen oppfatta vegstyresmaktene for å skjerpe krava som vilkår for planforslaga for næringsområda. Forslaga vart derfor i liten grad diskutert vidare. Kommunen ønskte å avslutte diskusjonane og sende plansakene vidare.

Osterøy kommune ville ha protokollført at prosessen har gått føre seg lenge og at kommunen meiner at vegstyresmaktene berre skjerpar sine krav i motsegna.

Vestland fylkeskommune ville ha protokollført at dei ikkje har vore med i dialogen om motsegna tidlegare.

Meklinga førte ikkje fram. Det er framleis motsegn som gjer at kommunen ikkje kan vedta reguleringsplanane med bindande verknad.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Svein Kornerud
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen, region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER

Fra: Berit Karin Rystad
Sendt: fredag 17. juli 2020 14:48
Til: Kornerud, Svein; fmvlp@fylkesmannen.no
Kopi: Lars Fjeldstad (lars.fjeldstad@osteroy.kommune.no); Ingvild Kirsti Hjelmtveit; Hjalti Heimir Gislason; Aksel Mjøs
Emne: SV: Mekling reguleringsplanar Osterøy - Saltverket næringsområde og Holmane næringsområde

Visar til referat frå meklingsmøte den 9.6.20, ref. 2020/7081

Osterøy kommune reagerer på at vi ikkje har fått moglegheit til å kommentere referatet, og ber om at denne e posten blir lagt ved referatet som ein protokolltilførsel.

På grunn av Koronasituasjonen blei meklinga gjennomført på TEAMS. Vår oppleving av møtet er at meklingar ikkje eignar seg for elektroniske møte, og at prosessen difor blei veldig dårleg. Osterøy kommune opplevde at fylkeskommunen stilte i mekling med tilsette på lavt nivå (ikkje direktørnivå) i frå ein sektor (samferdsel/plan). Dette førte etter vår meining til at fylkeskommunen ikkje klarte å følge opp sitt ansvar knytt til nærings,- og lokalsamfunnsutvikling i meklinga. Generelt sett manglar referatet konklusjonar på om motsegnene er imøtekomen eller ikkje, og der dei delvis er imøtekomen.

Osterøy kommune ynskjer at desse momenta blir lagt til referatet:

- 1: Under punkt «Deltakarar»: Aksel Mjøs er leiar for plan- og kommunalteknisk utval. Det manglar titlar på deltakarane frå VLFK.
- 2: Saltverket: Motsegn knytt til svingradius for avkøyring frå fylkesvegen (nr 3. frå Statens Vegvesen og motsegnspunkt frå VLFK). Dette punktet er imøtekommen og vart presentert i meklinga, men er ikkje kome med i referatet.
- 3: I kulepunkt 2 i referatet er avsnittet om kommunen sitt forslag feil referert. Kommunen sitt forslag til løysing er at det regulerast inn eit fortau langs fylkesvegen i planområdet, og at det leggjast inn eit rekkjefølgjekrav om opparbeiding av fortau **knytt til arealet langs næringsområdet** før næringsområdet kan takast i bruk.

4: Avsnittet som omhandlar fellesforslag frå SVV og VLFK:

- Det må utarbeidast reguleringsplan for fylkesvegen. Planen må vise fullgod løysing, m.a. for å ivareta mjuke trafikantar, men vegstyresmaktene er innstilte på å finne midlertidige løysingar som kan nyttast og som kan gjennomførast. Kommunen initierer planarbeidet, og vegstyresmaktene kan gi råd.
- Vegstyresmaktene er innstilte på å medverke til å redusere krava både for utbetring av fylkesvegen og for sikring av mjuke trafikantar. For noko av dette må ein søke om fråvik frå vegstandard.
 - Fortau langs vegen med om lag 2 meter bredde.
 - Fartsgrensa kan bli sett ned. Det må kommunen i så fall søke om.
 - Ein vil sjå nærmare på rekkjefølgjekrava, samstundes som ein må sikre gjennomføring av tiltaka langs vegen.
 - Ein ser nærare på eit spleiselag for fordeling av kostnadene.
 - Kommunen startar prosess for å ta ut bustadfeltet Gatland i sine planar.

Alle desse fellesforslaga bærer preg av omkamp i fht korleis dialogen i planprosessen har vært, og gir signal om stadig nye og strengare krav. Mellom anna kjem det krav i meklinga om reguleringsplan for heile fylkesvegen, frå Saltverket og til avkøyrse til Fotlandsvåg skule. Kommunen har allereie søkt om nedsatt fartsgrense på fleire strekningar i kommunen (sak 20/1031). Dette blei det orientert om i meklingsmøtet, men det er ikkje omtalt i referatet i det heile, og er ei svært viktig sak for kommunen si moglegheit til å realisere alle pågåande reguleringsplanar som ligg i KPA knytt til fylkeskommunal veg.

Kulepunktet «Ein vil sjå nærare på rekkjefølgjekrava» opplever kommunen som ein omkamp. Statens vegvesen eller Vestland fylkeskommune har ikkje vært villig til å gå bort frå rekkjefølgjekrava som det ligg motsegn til. Det kom ingen konkrete forslag til korleis Statens vegvesen og VLFK vil finne løysingar for å komme kommunen i møte. Viss Statens vegvesen eller Vestland fylkeskommune hadde hatt konkrete forslag til endring av rekkjefølgjekrav, så burde det vært lagt fram i meklinga.

Kulepunktet «Ein ser nærare på eit spleiselag...». Meklinga omhandla to reguleringsplanar. Reguleringsplanar har rekkjefølgjekrav, og tar ikkje stilling til kven som betalar. Så lenge det er rekkjefølgjekrav på opparbeiding av løysing for mjuke trafikantar til avkjøyringa til Fotlandsvåg skule, så spiller det ingen rolle om VLFK i eit meklingsmøte nemner at dei kan sjå nærare på eit spleiselag. Det er gjennom ei lemping av rekkjefølgjekrava fylkeskommunen kan bidra til at det er mogleg å realisere planane.

Kulepunktet om bustadfeltet Gatland hadde kommunen tidlegare i meklinga gjort reie for at skulle ut av kommuneplanen ved neste rullering. Dette punktet har ikkje vært ein del av planprosessen før planen blei lagt på 1. gangs høyring, og er eit eksempel på korleis planprosessen har fått stadig nye krav frå vegvesenet.

Generelt så opplever Osterøy kommune referatet som mangelfullt. Meklinga bar preg av at Statens Vegvesen og Vestland fylkeskommune signaliserte at dei var innstilte på å medverke til å redusere krava både for utbetring av fylkesvegen og for sikring av mjuke trafikantar utan at dei faktisk kom med forslag til korleis dei kunne komme kommunen i møte, bortsett frå fråvik frå vegstandard og lågare fartsgrense (som vi allereie har søkt om). Referatet speglar ikkje meklinga slik kommunen opplevde den.

Med venleg helsing

Berit Karin Rystad
Sektorleiar Samfunnsutvikling



T / 56 19 21 00 E / berit.karin.rystad@osteroy.kommune.no
M / 90 61 93 28 W / www.osteroy.kommune.no

Osterøy kommune Geitaryggen 8, 5282 Lonevåg Org. nr.: 864 338 712

Fra: Kornerud, Svein <fmhosvk@fylkesmannen.no>

Sendt: onsdag 8. juli 2020 11:36

Til: Post Osterøy <post@osteroy.kommune.no>; post@vlfk.no; firmapost@vegvesen.no

Kopi: Postmottak FMVL <fmvlpost@fylkesmannen.no>; Berit Karin Rystad

<berit.karin.rystad@osteroy.kommune.no>; 'sindre.lillebo@vegvesen.no'

<sindre.lillebo@vegvesen.no>; John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@vlfk.no>; Malene

Utkilen <Malene.Utkilen@vlfk.no>

Emne: Mekling reguleringsplanar Osterøy - Saltverket næringsområde og Holmane næringsområde

Mekling reguleringsplanar Osterøy - Saltverket næringsområde og Holmane næringsområde: Mekling reguleringsplanar Osterøy - Saltverket næringsområde og Holmane næringsområde.PDF